



Vindafjord kommune  
Rådhuset  
5580 ØLEN  
postmottak@vindafjord.kommune.no

ETNE, 30. November 2009

**Merknad til Bremnes Seashore AS sin søknad om å auka mengde laks i anlegget ved Svollandsnes på Bjoa (lokalitet 22955)**

Vi er gjort kjent med søknaden frå Bremnes Seashore AS og forventar at Vindafjord kommune gir avslag.

De er heilt sikkert opplyst om arbeidet med "Hardangerfjordforskrifta" og viser til uttalen frå kommunane Vindafjord og Etne som begge slår fast at utviklinga i oppdrettsnæringa er urovekkande og at det må settast i verk strakstiltak for å berge villfisker i regionen.

For å ta vare på villaksen og sjøauren er vi avhengig av at næringa blir drive berekraftig. Det har næringa over tid vist ikkje å vera i stand til. Tvert i mot viser målingar at problema med lakselus og rømingar er betydeleg større enn på same tid i fjor.


Vi er trygge på at dersom Vindafjord kommune tar omsyn til desse målingane og elles forskningsresultata siste åra så de vil avslå søknaden.

På denne måten vil de også kunne bidra til at Noreg sitt særlege ansvar for å ta vare på villaksen blir ivaretatt, samt at Etnelaksen framleis har eit håp om å overleve.

Vi vil også opplyse om at vi har samla ein del uttalar på heimesida vår [www.ejff.org](http://www.ejff.org). Her vil de få stadfesta kor store problema verkeleg er.

På førehand takk.

Med helsing  
for Etne Jeger- og Fiskerforening

  
Jan A. Vinje  
Leiar